

Retting av referat i sak 10 i Vats Grendautval sitt styremøte av 22 03 12

I referatet frå Vats Grendautval sitt styremøte av 22 03 12 i sak 10 om ”Luftforureining frå AF Decom sin miljøbase på Raunes” er det ei formulering som er feil.

I referatet siterer Grendautvalet **NILU sitt nyhetsskriv av 15 03 12** - der det står at Raunes fiskefarm har engasjert NILU til å analysere slam frå ei takrenne hos Raunes fiskefarm. Dette er rett.

Les ein vidare står det at også NMF avd. Vats har engasjert NILU til å analysere desse prøvane + prøvar frå eit luftfilter frå Åmsosen. Dette er ikkje rett.

NMF avd. Vats har ikkje engasjert NILU til å analysere desse prøvane.
Dette er det berre Raunes Fiskefarm som har hatt ansvar for.

Vats Grendautval seier seg lei for dette og beklager denne feilen.

Øvre Vats 30. mars 2012

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-